



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600 Norheimsund

Innkalling til soknerådsmøte i Norheimsund kyrkje

tysdag 17.01.23 klokka 18.00

Opning: **Ingvill**

Kaffi/ noko å bite i: **Oddbjørn**

1/23 Godkjenning av innkalling og referat

2/23 Evaluering og orienteringssaker:

- **Bispevalet.** Desse tre kandidatane, som fekk flest stemmer, går vidare: Kjersti Gautestad Norheim, Ragnhild Jebsen og Sunniva Gylver
- **Soknerådsvalet:** Sverre Lindøy har sagt ja til å vere med i komiteen saman med Borghild Tufteland og Gudrun Skeie Langeland
- **temakveldar**
- **Redaktør i soknebladet:** Dette er fellesrådet sitt ansvar. Ingvill orienterer.
- **Julefest med KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid, Bjørgvin) 15.12.22**
- **Julegudstenester**

3/23 Møte med organistane Kantorane orienterer kort om kyrkjemusikalsk plan, kva rammer og moglegheiter som ligg der. Kantorane vert også utfordra til å ta eit sideblikk på bispedømet sin strategi for 2023, der ungdom er eit satsingsområde. Me samtalar om soknerådet sine ynskjer og kantorane sine tankar og vegen vidare.

4/ 23

Forslag til kandidatar til Nominasjonskomiteen i Bjørgvin

bispedøme si liste til bispedømerådet 2023-27. Me kan fremje forslag om 4 kandidatar. (Sjå vedlegg, pkt. 2 i brevet frå Bispedømekontoret) Dersom me vil foreslå namn til nominasjonskomiteen, må soknerådet spørje om dei er villige til det før me sender namna til nominasjonskomiteen. AU oppmodar til å tenke gjennom kandidatar som kan spørjast frå Vikøy Sokneråd.

5/23

Soknemøte. Me hadde vedtatt soknemøte om reduksjon i talet på medlemmer i soknerådet til 15.01.23. I ettertid oppdaga me at dette må kunngjerast 14 dagar før. AU går då for soknemøte 29.01.23, rett etter gudstenesta. Då rekk me framleis å sende inn søknad om reduksjon. Me annonserer dette i HF 13.01.23. Det vert også opplyst om det på heimesida til kyrkja i Kvam.

Forslag til vedtak: *Det vert soknemøte om reduksjon i talet på medlemmer i Vikøy sokneråd 29.01.23 etter gudstenesta.*

6/23

Offerliste Me skal vedta offerliste for 2023. AU forslår å tildele same organisasjonar som for 2022 sidan desse har vore grundig behandla tidlegare, og i tillegg til fjoråret foreslår me å gi til KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid, Bjørgvin) som me samarbeider med. Vedlagt er søknadsliste til kyrkjeoffer som er motteke på kyrkjekontoret, dersom nokon vil foreslå andre.

Lista AU foreslår er slik:

- Fire offer til Himalpartnar
- Kirkens Nødhjelp (julaftan)
- NMS (1. juledag)
- NLM (1. påskedag)
- Normisjon (1. Pinsedag el. anna søndag)
- Norheimsund og Øystese Ungdomskor (NØUK), to ofringar, ei på lysmessa og ei utanom.

- 12 offer eige arbeid
- KRIK (Kristen Idrettskontakt)
- Søndagsskolen Bjørgvin krets
- Kirkens SOS
- Stefanusalliansen
- Kirkens bymisjon
- Blåkors
- Det norske Bibelselskap
- IKO
- KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid), region Vest
- Frelsesarmeen pleier å få ofring når dei deltek på gudsteneste, eventuelt eit offer)

Forslag til vedtak: *Soknerådet vedtek lista.*

7/23

Halvårsplan for våren 2023. Sjå vedlegg.

8/23

Eventuelt